

# BØ KOMMUNE

Kommunalsjef

Saksbeh.: Helge Vreim  
Innvalsnr.: 35059013  
Kontoradr.: Bøgata 67  
Tlf. etaten: 35 05 90 00 faks: 35 05 90 09

likestillings og integreringsdepartementet Barnev  
v/Elisabeth Solberg Halvorsen

## ADMINISTRATIV LEIING

Dato: 12.11.2012  
Arkivnr.: K2-F47, K3-&13  
Vår ref.: 12/3465-2

### **Svar på høringsbrev fra Fagstyret i Midt-Telemark barnevernteneste. Gjeld framlegg til endring i barnevernlova.**

Fagstyret i Midt-Telemark Barnevernsteneste har på sitt møte 26. oktober 2012 drøfta det framlegget til endringar i Barnevernslova som vart send ut av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 5. september 2012.

Fagstyret vil koma med sin eigen uttale til dette framlegget, og vil i tillegg be formannskap og kommunestyre om å drøfta og å uttala seg om høyringa. Dette vil først kunne gjerast etter at høyringsfristen er ute, men vi vonar likevel at det vil bli teke omsyn til i det vidare arbeidet..

#### **Fagstyret samla seg om følgjande uttale:**

Generelt sett støttar vi i hovudsak høringsuttalen frå KS.

Særleg vil vi peike på at framlegga i denne høyringa omhandlar m.a. endringar både når det gjeld finansieringsansvaret og den faglege samhandlinga mellom stat og kommune på barnevernsområdet.

Barnevernstiltak er eit av dei arbeidsområda som har hatt størst auke dei seinare åra innom området som høyrer til Midt-Telemark Barnevernsteneste. Det omfattar Telemarkskommunane Bø, Nome og Sauherad.

All erfaring så langt i våre kommunar, syner at dei institusjonsbaserte tiltaka bør vere knytte til eit betydeleg statleg ansvar, både når det gjeld kompetansetilgang, kompetanseutvikling og kostnadsdekning. Dagens refusjonsordning fungerar på ein grei måte, sjølv om det i mange høve kan vere usemje om refusjonsgrunnlaget. Heimebaserte tiltak er eit kommunalt ansvar, men ut over dei økonomiske ressursane som trengst til dette, er det viktig å ta vare på den rolla som det regionale nivået har i høve til administrasjon, rådgjeving og faglege utviklingstiltak.

Ei overføring som fører til større ansar for totalfinansieringa til kommunane, vil skape ein enda meir usikker situasjon for planlegginga av arbeidet på kommunalt og interkommunalt nivå. Dette vil særleg gje svert store utfordringar for små og mellomstore kommunar, og i særleg grad dei av desse som er inntektssvake.

Det må og leggjast til at erfaringane med denne forma for endring av finansieringsansvar frå stat til kommune, i svert mange høve har ført til at dei statlege overføringane knytte til ansvarsendringa ikkje på nokon måte har dekt opp den reelle kostnadskonsekvensen av overføringa. Når departementet i høyringsdokumentet m.a. nemner ein tredobling av kommunen sin kostnadsdel, så vil dette kunn få stor innverknad på den kvaliteten som den einskilde kommunen kan levere.

Arbeidet med å sikre rettane og livskvaliteten til barn i vanskelege livssituasjonar er eit svert kompetanse- og kostnadskrevjande arbeid. Vi vil difor på det sterkeste advare mot at desse endringane vert sett i verk slik høyringsutkastet legg opp til. Vi er også redde for at denne overføringa skal skape større behov for tilsyn og kontroll, og gjennom det redusere tiltak knytte til rettleiing og kompetanseutvikling.

Det er også grunn til å presisere at det statlege barnevernet bør kunne ha ulike rollar i høve til ulike kommunar. Det er stor forskjell på dei faglege behova knytte til små kommunar og behova som dei største kommunane har også innom dette arbeidsområdet.

Med helsing

Helge Vreim  
Kommunalsjef i Bø kommune  
På vegne av fagstyret

Kopi til:  
Ellen Moen  
Midt-Telemark  
barneverneneste  
Monika Bø

v/Elin Gulliksen  
Lunden